

## ATS på catwalken på Campus

Søndag 9. mai inviterte PGP til feiring av 20-årsjubileum på Fosshaugane Campus. Bedrifta hadde invitert kundar og samarbeidande bedrifter til feiring i samband med Sogndal sin heimkamp mot Nybergsund/Trysil. Eitt av innslaga ved feiringa var å syna fram årets vår- og sommarkolleksjon frå PGP, og dette oppdraget hadde ATS Luster blitt utfordra til å ta. Og ATS svikta ikkje! Ni medarbeidarar frå ATS, Luster si eiga verksemd for yrkeshemma, stilte opp og gjennomførte framsyninga med stil.

Mange av deltakarane på feiringa vart svært overraska over framsyninga, og synte begeistring med taktfast klapping under heile innslaget. Det er ikkje ”kvardagskost” at medarbeidarar frå ei verksemd for yrkeshemma får eit slikt oppdrag. Medarbeidarane frå ATS gjennomførte framsyninga etter eigne føresetnader, og på ein svært god måte.



*Svein Gunnar Gundersen var ein av medarbeidarane frå ATS som deltok på catwalken. Og han gjennomførte med stil.*



*Medarbeidarane frå ATS i djup konsentrasjon før framsyninga tek til. Frå venstre John Havellen, Svein Gunnar Gundersen, Kirsten Vikdal, Eva Stein, Tor Stian England, Anita Midtun, Anne Karin Kvamsdal, Jane Vinda, Terje S Kilen.*



## ATS steller Sentralidrettsanlegget

ATS har i år teke over stellet av Sentralidrettsanlegget og treningsfeltet nord for Idrettshallen. På biletet er Jan Rune Bekken og Ola Bjørk i full gang med arbeidet.

# "Wittgenstein og eg" – framsyning på Lepramusèet i Bergen

Framsyninga "Wittgenstein og eg" markerte fredag 21. mai opninga av utstillinga "Uhørte stemmer og glemte steder" på Lepramusèet i Bergen.

Utstillinga gjev eit bilete av utviklingshemma sine levekår gjennom tidlegare tiders institusjonsliv og i vår samtid. Den er komen til i eit samarbeid mellom 5 museum i Norge, og vil verta synt fram til 2011.

John Havellen, Roland Schwarz og Odd Atle Stegegjerdet synte denne dagen framsyninga i St. Jørgenskyrkja ved Lepramusèet i Bergen. Arrangør var Bymusèet i Bergen.

"Wittgenstein og eg" er historia om John sitt liv sett med skråblikk frå filosofen Ludwig Wittgenstein sine refleksjonar. Historia handlar om John sitt liv, frå barndom i Luster via ulike institusjonar i Bergen og Balestrand, attende til eit godt liv i heimkommunen Luster.



Også dagens ulike tilbod har fått plass i utstillinga. Her studerer John og Odd Atle eit bilete frå ATS Luster, som ein også har funne plass til i utstillinga.



Grete Eilertsen ved bymusèet takka for framsyninga og overrekte urter som John kan planta i sin eigen vesle hage.



"Wittgenstein og eg" syner "det stille alvorret, - når eitt møte kan endra eit heilt liv". Men framsyninga er også fylt av humor. Her er John og Roland under framsyninga i St. Jørgenskyrkja.

## Tilskot til større kulturarrangement

Kommunen har gjeve eit tilskot på kr. 12.000,- til kvart av arrangementa nedanfor.

- Kulturarrangement i Munthehuset – samarbeidsgruppa for grendelaga på Sørsida
- Sommararrangement i Parken inkludert Sogn Gammaldansfestival – AL Parken
- Norsk brefestival – Jostedal Bygdelag

- Molden opp – IL Bjørn
- Fanaråken opp – Fanaråk IL
- Nordisk Fjellfilmfestival – Fri Flyt
- Blåe tonar under breen – Jostedal Bygdelag
- High Camp på Turtagrø – Fri Flyt.

Det er ein føresetnad at tiltaka vert gjennomførde som planlagt. Det skal leverast rekneskap og prosjektrapport.